



Artikon AS
Postboks 48
6034 EIDSNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/195 - 19/16431

Saksbehandlar:
Hanne Marie Evensen
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:
02.08.2019

Godkjenning - GBNR 27/74 - Løyve til oppføring av naust - Moldekleiv

Administrativt vedtak. Saknr: 164/2019

Tiltakshavar: Eyvind Kvernhusvik Falch
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

SAKSUTGREIING

Tiltak

Eyvind Kvernhus Falch har søkt om løyve til oppføring av naust på gbnr. 27/74, Moldekleiv. Naustet er omsøkt med ein storleik på 24 m² bebygd areal (BYA) og bruksareal på 21,8 m² (BRA). Eigedomen er matrikkelført med eit areal på om lag 1860 m², og tiltakshavar står registrert som eigar. Eigedomen er frå før av bebygd med ein fritidsbustad på 15 m² BYA, og er såleis innanfor arealdelen til kommuneplanen sitt krav om maksimal utnytting på 20 % BYA.

Utval for drift og utvikling gav dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø for det omsøkte tiltaket i vedtak datert 11.06.2019, sak 53/2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 30.01.2019.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.07.2019.

VURDERING

Nabovarsel

Tiltaket vart nabovarsla i samband med dispensasjonssøknad den 30.01.2019, jf. pbl. § 21-3 første ledd. Det ligg ikkje føre merknadar.

Lov – og planstatus

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Oppføring av naust er eit «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav a). Fordi naustet ikkje vil ha samla BYA eller BRA over 70 m², er frittliggjande, har ein etasje og ikkje skal brukast til bebuse, er det eit søknadspliktig tiltak som tiltakshavar kan søkje om på eiga hand, jf. byggesaksforeskrifta (SAK10) § 3-1 bokstav b), jf. pbl §§ 20-4, jf. 20-2.

Den omsøkte eigedomen er ein uregulert bygd fritidseigedom som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) er vist som LNF-spreidd fritidsbustad (landbruk, natur- og friluftsområde med bygd fritidsbustad) jf. pbl § 11-7 nr. 5 bokstav b). Oppføring av naust på eigedomen er ikkje i strid med arealformålet LNF-spreidd fritidsbustad då eigedomen er bygd med hytte frå før, og omsøkt tiltak skal difor handsamast etter pbl § 20-4. Oppføring av naust er dermed i samsvar med føresegn 3.2.2 til KPA.

Det omsøkte tiltaket ligg innanfor fastsett byggjegrænse mot sjø i KPA. Meland kommune v/utval for drift og utvikling gav i vedtak datert 11.06.2019, sak 53/2019, dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet mot sjø for det omsøkte tiltaket. Administrasjonen legg dette til grunn for vidare handsaming.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 30.01.2019. Det følgjer av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne byggverket si plassering, medrekna høgdeplassering, og byggverket si høgde. Naustet er oppgjeve med ein gesimshøgde på 2,62 meter og mønehøgde på 4 meter, og skal plasserast 1 meter frå nabogrense.

Dispensasjonsvedtaket datert 11.06.2019 inneber at naustet kan plasserast i strid med byggjeforbodet i strandsona, som omsøkt. Kommunen kan difor godkjenne omsøkt plassering og høgde som vist på situasjonskart datert 30.01.2019, jf. pbl §§ 29-4 tredje ledd bokstav b), jf. andre ledd, jf. første ledd.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav a) løyve til oppføring av naust på gbnr. 27/74, jf. søknad journalført motteke 30.01.2019. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på vedlagte situasjonskart, plan-, snitt- og fasadeteikningar.

Naustet skal ikkje nyttast til varig opphald.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkelova. Matrikkelen er det offisielle register for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1172 - Søknadstegning 20.11.2018

Mottakarar:

Artikon AS

Eyvind Kvernhusvik Falch

Postboks 48

Flyen 39

6034

5259

EIDSNES

HJELLESTAD